

Heilt på toppen av det høgaste huset i byen budde det ei gammal dame, fru Gabrielsen. Som gamle damer flest var det få ting ho likte betre enn å reise til parken for å mate endene med brødrestar. Ho elska å sitje på ein benk i det grøne, sjå på endene som åt so ivrig og drøyme seg vekk.

Men det var før. Fru Gabrielsen hadde nemleg problem med hoftene, og det gjorde meir og meir vondt kvar dag. Å gå ned alle trappene i det høge huset vart snart nesten umogleg for ho. Tilslutt orka ho ikkje lenger å gå for å mate endene.

Ein kald, klar vinterdag sat fru Gabrielsen i stova si og kikka i veggene. Det var akkurat ein slik dag ho heilt sikkert ville gått for å mate endene for å trøste dei litt i kulda.

Då banka det på vindaugget. Ein smule overraska gjekk fru Gabrielsen bort for å sjå kva det kunne vere.

Det var ein engel.

"Nei men, får eg slikt fint folk på besøk," sa fru Gabrielsen overraska. "Det var uventa. Kan eg by på litt kaffi?"

Engelen svara at han gjerne ville ha kaffi. Og litt gammalt brød, om det var mogleg. Han hadde flydd so langt i himmelske ærend, og enno var det langt att, so han trengte litt å styrke seg på.

"Kan skjønne det", sa fru Gabrielsen, so ho svinsa inn på kjøkkenet for å finne brød og koke kaffi.

Då kaffien var servera, spurte fru Gabrielsen engelen kvifor han hadde stoppa nettopp hjå ho. Han svarte at han visste at hjå fru Gabrielsen ville ein alltid finne ein gjestfridom som var Himmelen verdig. Då raudna fru Gabrielsen.

Etter at engelen hadde floge sin veg, sat fru Gabrielsen resten av dagen og smilte.

Tre dagar etterpå banka det igjen på vindaugget til fru Gabrielsen. Det var ein ny engel, som sa at han hadde høyrte av sin kollega om den gode oppvartinga fru Gabrielsen gav, og spurte om det var mogleg å få oppleve den? Fru Gabrielsen svarte med glad røyst "sjølv sagt!"

Dette var ein mykje meir snakkesalig engel enn den førre, som hadde vore opphøgd og skinnande. Denne her var ein raudlett og trivleg liten kjerub, som snakka om stort og smått han hadde sett i himmelen og på jorda. Han kom mellom anna med noko saftig sladder om fru Gabrielsen sine naboar, som fekk henne til å le høgt. Og han fortalde ein trist historie, så trist at fru Gabrielsen snufsa kvar gong ho tenkte på den i ettertid, om ei lita jente han traff ei gong. Englane kan ikkje gripe inn i livet på jorda, forklara kjeruben henne, men av og til hjelp det folk berre me syner oss. So takka han so mykje for utsøkt vertskap, før han flaug sin veg.

Seinare den dagen fekk fru Gabrielsen brakt daglegvarer til seg av ein av naboane, ein mann i sekstiåra som var ein god venn av alle i husa. Han spurde ho kvifor ho var i så godt humør i dag, det var då hyggeleg!

"Eg hadde ein engel på vitjing i dag, Olav," svara ho då.

"Nei men so trivleg," svara Olav.

No tok det ei veke før nokon banka på vindaugget til fru Gabrielsen att. Denne gongen var det sjølvaste erkeengelen Mikael. Han (han? Fru Gabrielsen blei aldri sikker på om han var mann eller kvinne) var svært høg, vakrare enn noko fru Gabrielsen hadde sett før, og det skein som gull kring han. Han ville særst gjerne takke fru Gabrielsen for å ha tatt i mot englane, og håpa at det ikkje hadde vore noko bryderi?

"Nei tvert i mot," stamme fru Gabrielsen fram, ho var nesten flau for å la sin gamle, sprukne stemme svare på den nydelege stemmen til Mikael. "Det har vore veldig, veldig hyggeleg!" Erkeengelen smilte og takke enno ei gong, og sa at so lenge fru Gabrielsen trivdes med det, kom gjerne fleire englar til å stoppe for ein kopp kaffi hjå ho. Fru Gabrielsen svarta at det var ho veldig glad for.

To dagar etterpå, ein sundag, ringte dottera til fru Gabrielsen som vanleg for å sjekke om mora enno levde. Ho hadde ikkje ringt førre sundag, og hadde difor ekstra dårleg samvit denne dagen. Dette gjorde ho berre endå meir stressa enn vanleg, so når fru Gabrielsen sa at ho hadde hatt erkeengelen Mikael på kaffi i føregår, svarta ho berre "men so koseleg då mamma". Same kveld når ho hadde gått til sengs, tenkte ho med seg sjølv: eg meinar då bestemt at mamma sa engel? Eg må nesten spørje ho om det neste sundag.

Neste sundag gjorde ho so.

"Du mamma", sa ho. "Sa du førre sundag at du hadde hatt ein engel på kaffi?"

"Å ja då", kvitra fru Gabrielsen, "og han er ikkje den einaste! Englane er innom meg stadig vekk dei! Du skal berre vite alt det spennande me pratar om! Det er so triveleg med dei!"

"Men mamma", sa dottera, "er du sikker på at dei har vore der, at dette ikkje berre er noko du trur du har sett?"

"Sjølvsagt er eg sikker! Tvilar du på det, kan eg sei deg at når eg vaskar opp for kvelden, finn eg av og til grut nok til tre koppar kaffi i kjelen. Dersom eg hadde drikke so mykje kaffi åleine, hadde eg ikkje fått sove om natta. Og eg søv betre enn på lenge! Sidan det aldri er nokon andre her, må det altso vere englane som har drukke den."

Dottera visste ikkje kva ho skulle svare på det.

Difor ringte ho etterpå til både bror sin og naboen til mora, Olav, for å spørje kva dei skulle gjere. Ingen ting, meinte Olav, som ikkje såg problemet i at fru Gabrielsen hadde englar på kaffi iblant. Broren derimot lova å ringe mor si (noko han elles gjorde so sjeldan som mogleg) for sjølv å finne ut av dette.

Som sagt so gjort. Neste dag kunne ein ha høyrte fru Gabrielsen uvanleg glad og overraska dersom ein hadde stått utanfor å lytta når ho tok telefonen.

"Nei men er det deg," sa ho. "Det var ein sjeldan kar å høyre frå!"

"Ja det er vel det", avbraut sonen so fort som råd. "Høyr her mamma, kva er dette vrøvlet med at du har englar på kaffislabberas?"

"Det er då slett ikkje noko vrøvl! Og dersom du ikkje ringte for anna enn å skulde meg for å vrøvle må eg nok legge på. Eg har nemleg besøk av Mikael, og han er ein veldig oppteken engel som ikkje kan vente i all æve!"

"Mamma har blitt heilt frå seg. Ho må på institusjon," sa sonen til systema si i telefonen same kveld.

Slik blei det. Til trass for store protestar frå fru Gabrielsen sjølv blei ho flytta frå husværet sitt

høgt oppe til den kommunale sjukeheimen. Ho klarte heldigvis å leggje ein liten lapp med si nye adresse i vindauget, til englane.

Same kveld tetna været til. Store, svart skyar sama seg i aust, og byrja å buldre framover som ein ryttaflokk. I det dei var rett over byen, braut det laus i dei villaste lynglimt og torebrak.

Og himmelen opna seg, og dei himmelske hærskarar rei ut for å fri fru Gabrielsen og ta ho med dit ho hørde heime.

Ho sovna med eit smil om munnen.